

Nasjonal deleksamen i rettsanvendning for master i barnevern og master i barnevernsfagleg arbeid

NYNORSK

Dato: 23. april 2025

Eksamenstid: 9:00-14:00

Hjelpemiddel: Lovdata Pro

Oppgi berre kandidatnummer, og ikkje andre identitetsmarkørar, slik som emnekode eller kva institusjon du høyrer til, i svaret på oppgåva.

Petra er 21 år, og bur i ei kjellarleilegheit saman med sambuaren sin, Peder, 28 år. Dei fekk i fjor dottera Dolly. Peder er mykje borte på arbeid. Han arbeider som anleggsarbeidar på veganlegg, men er heime dei fleste helgene. Når Peder er heime likar han å ta seg ein fest, og Petra er gjerne med på det. Petra har ikkje mange venner i Vesleby. Men ho har ei søster, Adele, som også bur i Vesleby, og som ho har ganske god kontakt med.

Helsesjukepleiaren kom på heimebesøk då Dolly var ei veke gammal, og seinare møtte Petra med Dolly til konsultasjon på helsestasjonen då Dolly var seks veker og då ho var 3 månader. Etter alle møta var helsesjukepleiaren bekymra for samspelet mellom mor og dotter. Petra verka meir opptatt av mobilen enn av å kommunisere med Dolly.

Petra møtte ikkje til seksmånadskontrollen. Helsesjukepleiaren tok kontakt, og Petra sa at ho hadde gløymt avtalen. Det vart avtalt nytt tidspunkt for frammøte, men heller ikkje no møtte Petra opp. Helsesjukepleiaren tok kontakt på nytt, og det vart avtalt at helsesjukepleiaren skulle kome heim til Petra. På heimebesøket observerte helsesjukepleiaren ei svært uryddig leilegheit, der det flaut av flasker, tomme ølboksar og all slags skrot. Helsesjukepleiaren var der ei god stund, mellom anna under stell og mating, og observerte på nytt at det var lite samspel mellom Petra og Dolly. Dolly verka noko passiv, men fysisk i orden. Også under heimebesøket verka Petra mest interessert i mobilen. Helsesjukepleiaren vart enda meir bekymra, men hadde ikkje tid til å følge opp saka ut over å avtale ny kontroll på helsestasjonen ein månad seinare.

Heller ikkje no møtte Petra opp, og helsesjukepleiaren prøvde å ta kontakt fleire gongar, per telefon og SMS, men utan å få noko slags respons. Helsesjukepleiaren sende derfor eit formelt varsel med brev, og med varsel på SMS til Petra, med ein frist for svar: Viss helsestasjonen ikkje fekk kontakt innan fristen, så vart saka meld til barnevernet. Då fristen hadde gått ut sende helsesjukepleiaren melding til barnevernstenesta, med kopi til Petra. Meldinga inneheldt ein gjennomgang av saka og grunnlaget for helsesjukepleiar si bekymring. Petra tok straks kontakt med helsesjukepleiaren og forklarte at ho hadde vore sjuk, og derfor ikkje hadde klart verken å møte opp eller svare helsesjukepleiaren. Petra påstod at helsesjukepleiaren hadde teieplikt og dermed ikkje hadde rett til å sende melding. Helsesjukepleiaren var samd i at ho hadde lovbestemt teieplikt, men påstod at det etter omstenda var plikt til å melde.

Barnevernstenesta bestemte seg for å sette i verk undersøking, og sende brev til Petra og Peder om dette. Petra tok kontakt med barnevernet, og påstod at det ikkje var noko grunnlag for å starte undersøking. At ho hadde latt vere å møte opp på helsestasjonen ein gong kunne umogleg vere nok! Barnevernstenesta svarte at dei hadde gjort ei samla vurdering, og påstod at dei hadde plikt til å starte undersøking.

Søstera Adele hadde dei første månadane etter at Dolly vart fødd god kontakt med Petra. Dei snakka med kvarandre nesten kvar dag, og ho var på besøk om lag ein dag i veka. Etter fire månader drog Adele på ein tre månaders konsertturné rundt om i landet, og det vart lite tid til å halde kontakta med Petra. Då ho kom tilbake og drog på besøk til Petra, vart ho sjokkert over det ho såg. Som helsestasjonen observerte ho ei svært uryddig leilegheit, at Petra verka mest opptatt av mobilen, og at Dolly verka frisk, men noko passiv. Det verka også som Petra rusa seg, både i helgane saman med Peder, og elles, i eit omfang som ikkje var bra når ho hadde ansvar for eit lite barn. Adele lurte på kva ho skulle gjere, og vart svært letta då ho fekk høyre frå Petra at barnevernet skulle starte undersøking. Adele fekk ordna det slik at ho var til stades under barnevernets første heimebesøk.

Petra fekk beskjed i brev at Marte Kirkerud skulle vere hennar kontaktperson i barnevernstenesta, noko ho fortalde til Adele, utan at verken ho sjølv eller Adele reagerte på dette. Men på møtet oppdaga Adele at ho kjende Marte Kirkerud godt, og vart sint: Dette går ikkje an! Marte Kirkerud heitte til nyleg Marte Berg og spelte i band med Adele inntil for fire år sidan. Marte hadde sidan utdanna seg til barnevernspedagog. Adele og Marte var usamde om rettane til musikken dei hadde laga, noko som enda opp med ei omfattande rettssak som vart avslutta for berre to år sidan. Marte Kirkerud måtte opplagt vere inhabil til å vere sakshandsamar i denne saka! Petra slutta seg til, og påstod at Marte var inhabil. Marte Kirkerud påstod at ho ikkje var inhabil.

Marte Kirkerud vart like etterpå sjukmeld, og det vart oppnemnd ny kontaktperson. Adele sa frå til den nye kontaktpersonen kva ho hadde observert når ho var på besøk hos Petra, og at ho meinte at både Petra og Peder hadde eit rusproblem som barnevernstenesta måtte ta på alvor. Den nye kontaktpersonen fekk etter kvart god kontakt med Petra og Peder, som ga uttrykk for at dei forstod alvoret, og at dei måtte avgrense festinga no når dei var blitt foreldre. Dei var ikkje viljuge til å inngå avtale om rustesting, men kunne godta ein avtale der barnevernstenesta skulle kome på heimebesøk for råd og rettleiing ein time kvar veke.

Avtalen vart sett i verk, og situasjonen vart vurdert etter eit par månader. Barnevernstenesta sitt inntrykk var at rusbruken var klart redusert, men dei var likevel bekymra for Dolly si utvikling. Dei vurderte at eit godt tiltak kunne vere at Dolly fekk barnehageplass når ho vart eitt år. Petra meinte at Dolly var for lita, og at ho burde vere heime hos mor. Ho sette seg derfor i mot at Dolly skulle i barnehage. Peder hadde god økonomi, og var einig i at Dolly burde vere heime til ho var to år. Barnevernstenesta heldt fast på at etter omstenda burde Dolly ha barnehageplass. Dei påstod at om nødvendig så ville dei fremme krav til barneverns- og helsenemnda om pålegg om barnehageplass, og påstod at vilkåra for å pålegge dette var oppfylt. Petra påstod at dette var det ikkje noko rettsleg grunnlag for.

Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla som følger av påstandane som har blitt gjort gjeldande i oppgåva. Spørsmålet om teieplikt for helsesjukepleiaren skal ikkje behandlast.